



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 16.10.2023
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 10:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
079/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
080/2023	Godkjenning av møtebok
081/2023	Økonomisk rapportering - 2.tertial 2023
082/2023	Eigarmelding 2023 - Masfjorden kommune
083/2023	Forvaltningsrevisjonsrapport «Kompetanse og rekruttering»
084/2023	Nye omsorgsbustader på Haugsvær
085/2023	Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester 2024
086/2023	Gebysatsar oppvekst 2024
087/2023	Elev- og lagsbetaling 2024
088/2023	Kommunale avgifter 2024
089/2023	Kommunale gebyr 2024
090/2023	Gebyr - renovasjon og slam 2024
091/2023	Berivest AS - vurdering kring behov for økonomisk støtte
092/2023	Framlegg til avtale om opsjon for vidare utvikling av området i og ved Aldersheimen på Sandnes
093/2023	Deltaking i Vest brann og redning
094/2023	Søknad om økonomisk støtte frå fiskefondet i Frøysetelva
095/2023	Søknad om overtaking av privat veg frå Haugsvær tomtelag til Masfjorden kommune
096/2023	Handlingsplan 2024 for Kommundelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
097/2023	Masfjorden kommune som medlem i Trygg Trafikk
098/2023	Referatsak
099/2023	Framføring av vatn- og avlaup til Haugsvær Panorama
100/2023	Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - slutthandsaming
101/2023	Vedk. søknad om forskottering spelemidlar - Solheim grendahus
102/2023	Vedk. søknad om støtte til grusing av veg, "Søredalsvegen"
103/2023	Årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027
104/2023	Politisk styringsstruktur og reglement folkevalde

079/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FS - 079/2023 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

080/2023: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 080/2023 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

081/2023: Økonomisk rapportering - 2.tertial 2023

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret

FS - 081/2023 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift.

Investeringsbudsjett 2023 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

082/2023: Eigarmelding 2023 - Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Eigarmelding 2023 vert teken til vitring.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 082/2023 VEDTAK:

Eigarmelding 2023 vert teken til vitring.

083/2023: Forvaltningsrevisjonsrapport «Kompetanse og rekruttering»

Rådmannen sitt framlegg:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse og rekruttering» datert 19.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at rådmannen:
 - held fram informasjonsarbeidet knytt til plan for strategisk kompetansestyring overfor tilsette
 - gjennomgår plan for strategisk kompetansestyring med einingsleiarane med fokus på kva oppgåver og ansvar som er lagt til dei og korleis ivareta desse
 - systematisk følgjer opp og evaluerer plan for strategisk kompetansestyring undervegs i perioden
 - vurderer å definere, synleggjere og forankre kommunen sin arbeidsgjevaridentitet gjennom arbeidsgjevarpolitikk- og strategi i samsvar med KS si generelle tilråding
 - vurderer å etablere ein læringsstrategi
 - vurderer å auke profileringa mot unge gjennom tiltak tilpassa målgruppa
 - følgjer opp resultatane og tilbakemeldingar i undersøkingane i kommunen sitt utviklingsarbeid
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse
 - vurderer å tydeleggjere rutineane for gjennomføring av medarbeidersamtalar og oppfølging av desse, herunder og etablere felles malar for medarbeidersamtalar på tvers av einingane
3. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret i fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.
4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 083/2023 VEDTAK:

1. Kommunestyret har handsama forvaltningsrevisjonsrapporten «Kompetanse og rekruttering» datert 19.09.23, og meiner denne svarar på dei problemstillingane som vart sett i kontrollutvalet si bestilling.
2. Kommunestyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og ber om at rådmannen:
 - held fram informasjonsarbeidet knytt til plan for strategisk kompetansestyring overfor tilsette
 - gjennomgår plan for strategisk kompetansestyring med einingsleiarane med fokus på kva oppgåver og ansvar som er lagt til dei og korleis ivareta desse
 - systematisk følgjer opp og evaluerer plan for strategisk kompetansestyring undervegs i perioden
 - vurderer å definere, synleggjere og forankre kommunen sin arbeidsgjevaridentitet gjennom arbeidsgjevarpolitikk- og strategi i samsvar med KS si generelle tilråding
 - vurderer å etablere ein læringsstrategi
 - vurderer å auke profileringa mot unge gjennom tiltak tilpassa målgruppa
 - følgjer opp resultatane og tilbakemeldingar i undersøkingane i kommunen sitt utviklingsarbeid

- vurderer å tydeleggjere rutinane for gjennomføring av medarbeidarsamtalar og oppfølging av desse
 - vurderer å tydeleggjere rutinane for gjennomføring av medarbeidarsamtalar og oppfølging av desse, herunder og etablere felles malar for medarbeidarsamtalar på tvers av einingane
3. Kommunestyret ber rådmannen leggja fram ein skriftleg framdriftsplan for korleis og når tilrådingane skal følgast opp for kontrollutvalet med kopi til kommunestyret i fyrste kontrollutvalsmøte i 2024.
 4. Kommunestyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane innan 3. kvartal 2024.
-

084/2023: Nye omsorgsbustader på Haugsvær

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune ynskjer å etablere nye omsorgsbustader på Haugsvær.

- I fyrste omgang er målet å planleggja for etablering av 2 bustader i dialog med Husbanken.
- På sikt kan det vere aktuelt å utvide med inntil 2 omsorgsbustader til, og areal som kan nyttast til dagaktivitetar i dette området.
- Saka skal til handsaming i råd og utval, og endeleg godkjennast i Kommunestyret når finansiering er klar.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 084/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune ynskjer å etablere nye omsorgsbustader på Haugsvær.

- **I fyrste omgang er målet å planleggja for etablering av 2 bustader i dialog med Husbanken.**
 - **På sikt kan det vere aktuelt å utvide med inntil 2 omsorgsbustader til, og areal som kan nyttast til dagaktivitetar i dette området.**
 - **Saka skal til handsaming i råd og utval, og endeleg godkjennast i Kommunestyret når finansiering er klar.**
-

085/2023: Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester 2024

Rådmannen sitt framlegg:

1. Eigenbetaling korttidsopphald institusjon:

Statleg sats (vert justert ved kvart årsskifte).

2. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag: grunnbeløpet i folketrygden (1G) = kr 118 620,- pr. 1.mai 2023	Sats pr. time	Sats pr.mnd.
Inntil 2G	Statleg sats utgiftstak	Statleg sats utgiftstak
2G – 3G	313,-	844,-
3G – 4G	391,-	1 566,-
4G – 5G	476,-	1 905,-
Over 5G	476,-	1 905,-

3. Husleige i omsorgsbustad:

Omsorgsbustader til eldre	kr 7 400,- pr. md.
Omsorgsbustader Masfjorden bu- og aktivitetssenter, Hostelandslia 20:	60 m2 kr. 10.200,- pr. md. 80 m2 kr. 11.200,- pr.md.

4. Matombringning og sal av mat

Middag med dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim	kr 97,- pr. porsjon
Middag besøkande og tilsette	kr 115, pr. porsjon
Frukost/kvelds levert frå Masfjorden sjukeheim	kr 48,- pr. porsjon

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm og velferdsteknologi

Eigenbetaling inntekt under 2G	kr 240,- pr. mnd.
Eigenbetaling inntekt over 2 G	kr 417,- pr. mnd.

6. Døgnopphald/nattopphald – medisinsk vurdert, dagtilbod/aktivitetsopphald

Døgnopphald/nattopphald	Statleg sats
Dagsenter/aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim(inkludert middag og skyss)	kr. 157,- pr. dag

7. Maksimal eigenandel for opphald i sjukeheim - kr. 59.000,- pr. md.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset møtte til denne saka og svarte på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 085/2023 VEDTAK:

1. Eigenbetaling korttidsopphald institusjon:
Statleg sats (vert justert ved kvart årsskifte).

2. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen:

Grunnlag: grunnbeløpet i folketrygden (1G) = kr 118 620,- pr. 1.mai 2023	Sats pr. time	Sats pr.mnd.
Inntil 2G	Statleg sats utgiftstak	Statleg sats utgiftstak
2G – 3G	313,-	844,-
3G – 4G	391,-	1 566,-
4G – 5G	476,-	1 905,-
Over 5G	476,-	1 905,-

3. Husleige i omsorgsbustad:

Omsorgsbustader til eldre		kr 7 400,- pr. md.
Omsorgsbustader Masfjorden bu- og aktivitetssenter og Hostelandslia 20:	60 m2	kr. 10.200,- pr. md.
	80 m2	kr. 11.200,- pr.md.

4. Matombringning og sal av mat

Middag med dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim	kr 97,- pr. porsjon
Middag besøkande og tilsette	kr 115, pr. porsjon
Frukost/kvelds levert frå Masfjorden sjukeheim	kr 48,- pr. porsjon

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm og velferdsteknologi

Eigenbetaling inntekt under 2G	kr 240,- pr. mnd.
Eigenbetaling inntekt over 2 G	kr 417,- pr. mnd.

6. Døgnopphald/nattopphald – medisinsk vurdert, dagtilbod/aktivitetsopphald

Døgnopphald/nattopphald	Statleg sats
Dagsenter/aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim(inkludert middag og skyss)	kr. 157,- pr. dag

7. Maksimal eigenandel for opphald i sjukeheim - kr. 59.000,- pr. md.

086/2023: Gebyrsatsar oppvekst 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Barnehagesatsen frå 01.08.24 vert **kr. 1500-** ein reduksjon på kr. 1400,-. Då Masfjorden kommune vert definert som ein av 189 spredt bygde kommunar. Søskenmoderasjon held fram for barnehage og sfo , men barn nr. 3 eller meir i barnehage er gratis. Matpengar vert 342,-. For seint henta barn kr.284 pr. påbyrja halvtime.

Sfo satsane vert auka med 4,3 %. 252,- og 1072,- for 1.og 2. klasse som har **12 timar** gratis kjernetid.

Øvrige satsar i sfo: 661,- 1312,- 1814, og 2635,-.

Satsane i idrettskulen vert auka med 4,3 % frå kr. 924,- til **Kr. 964,-** frå 01.08.24.

Kjøp av timar i vaksenopplæringa vert auka med 4,3 % til **kr. 104** pr. time i eksisterande klassar.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) las opp følgjande protokolltilførsel:

I sak 086/2023 Gebyrsatsar oppvekst 2024 er innstillinga frå sakshandsamar at ekstratimar i SFO skal vera kr 104 (indeksregulert med 4,3%). Dette er feil og ikkje i tråd med det vedtaket kommunestyret gjorde i budsjetthandsaminga 2022. Gebyrsatsane for 2023 oppgitt på heimesida er 89,- og 60,- for ekstratimar i SFO, alt etter om ein har plass i SFO eller ikkje.

Dei nye gebyrsatsane må og synleggjerast i framlegget til vedtak.

Sakshandsamar skriv vidare i saka dette i siste avsnitt første side:

«Samordning med SFO og syskenmoderasjon skal gjelda. Ingen skal betala meir enn 6 % av samla inntekt i husstanden pr. barn. Barnehageåret startar 15. august og sluttar 14. august. **SFO startar 15. august for 1. klasse og 1. august for 2-4. klasse.**»

Har vedtektene til SFO blitt endra slik at det er nye start og slutt tider for SFO, viss ikkje kan ein vel ikkje endra opningstider?

Utdrag frå SFO sine vedtekter:

Vedtekter for SFO § 10:

§ 10 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

a) **SFO gjev tilbod som fylgjer barnehageåret 15. august til 14. august.** SFO er stengd på skulen sine planleggingsdagar slik det går fram av den årlege skuleruta.

Rådmannen sette fram følgjande tilleggspunkt (i tråd med innspel frå KrF):

Ekstratimar i SFO vert regulert med 4,3 % frå kr 89,- til kr 94,-. Matpengar i SFO vert regulert med 4,3 % frå kr 118,- til kr 123,- pr mnd.

Framlegg til vedtak med endringspunktet frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - 086/2023 VEDTAK:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Barnehagesatsen frå 01.08.24 vert kr. 1500- ein reduksjon på kr. 1400,- då Masfjorden kommune vert definert som ein av 189 spredt bygde kommunar. Søskenmoderasjon held fram for barnehage og SFO , men barn nr. 3 eller meir i barnehage er gratis. Matpengar vert 342,-. For seint henta barn kr.284 pr. påbyrja halvtime.

SFO satsane vert auka med 4,3 %. 252,- og 1072,- for 1.og 2. klasse som har 12 timar gratis kjernetid.

Øvrige satsar i SFO: 661,- 1312,- 1814, og 2635,-.

Satsane i idrettskulen vert auka med 4,3 % frå kr. 924,-til Kr. 964,- frå 01.08.24.

Kjøp av timar i vaksenopplæringa vert auka med 4,3 % til kr. 104 pr. time i eksisterande klassar.

Ekstratimar i SFO vert regulert med 4,3 % frå kr 89,- til kr 94,-. Matpengar i SFO vert regulert med 4,3 % frå kr 118,- til kr 123,-.

087/2023: Elev- og lagsbetaling 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.24 auka med 4 % frå kr 2584 til kr 2687 for skuleelevar. 30 % søskenmoderasjon som før.

For vaksne elevar (etter vidaregåande) vert satsane auka frå kr 3877 til kr 4032.

Stigen for redusert eigenbetaling vert endra i tråd med den til ei kvar tid gjeldande satsen for gratis kjernetid i barnehagar.

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.24 auka med 4 % frå kr 340 til kr 354 for barne- og ungdomslag og frå kr 461 til kr 479 for lag med vaksne medlemmer.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 087/2023 VEDTAK:

Satsane for elevbetaling vert frå 01.08.24 auka med 4 % frå kr 2584 til kr 2687 for skuleelevar. 30 % søskenmoderasjon som før.

For vaksne elevar (etter vidaregåande) vert satsane auka frå kr 3877 til kr 4032.

Stigen for redusert eigenbetaling vert endra i tråd med den til ei kvar tid gjeldande satsen for gratis kjernetid i barnehagar.

Timesatsane for lagsbetaling vert frå 01.08.24 auka med 4 % frå kr 340 til kr 354 for barne- og ungdomslag og frå kr 461 til kr 479 for lag med vaksne medlemmer.

088/2023: Kommunale avgifter 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Gebyrstatsar (eks mva.) for vatn, avløp, og feiing, fellingsavgift hjort og skuddpremie rovvilt, vert som følgjer i Masfjorden kommune i 2024.

Årsavgift vatn 2024	Differensiering i prosent	Gebyr kr	
		2023	2024
Minimumsgebyr årsavgift		5680	5920,-
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret		
Vatn inn i bygning, pris pr. m3		14,5	15,-
Fastavgift vassmålar		2650	2760,-
Salg av vatn til kundar som ikkje har abonnemnt i Masfjorden kommunepris pr m3		425	440,-
Tilknyttingsavgift vatn 2024		20430	21300,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret		
Bustader og hytter større enn 70 m2 100 % av minimumsgebyret	100 % av minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	100 % av minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	200% av minimumsgebyret		
Årsavgift avlaup 2023			
Minimumsgebyr årsavgift		3840	4000,-
Bustadar og hytter	100 % av		

Fellingsavgift hjort	2009 - 2023	2024
Hjort vaksen	350,-	440,-
Hjort kalv	210,-	260,-
Skuddpremie rovvilt		
Rev	600,-	750,-
Mink	300,-	375,-
Mår	400,-	500,-

Auke i fellingsavgift for hjort og skuddpremie rovdyr, har ikkje vore endra sidan 2009, auke i fellingsavgifta for hjort vert 25% frå 2009 til 2024.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 088/2023 VEDTAK:

Gebyratsar (eks mva.) for vatn, avløp, og feiing, fellingsavgift hjort og skuddpremie rovvilt, vert som følgjer i Masfjorden kommune i 2024.

Arsavgift vatn 2024	Differensiering i prosent	Gebyr kr	
		2023	2024
Minimumsgebyr årsavgift		5680	5920,-
Bustadar og hytter	100 % av minimumsgebyret		
Vatn inn i bygning, pris pr. m3		14,5	15,-
Fastavgift vassmålar		2650	2760,-
Salg av vatn til kundar som ikkje har abonnement i Masfjorden kommunepriis pr m3		425	440,-
Tilknytingsavgift vatn 2024		20430	21300,-
Bustadar og hytter 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret		
Bustader og hytter større enn 70 m2 100 % av minimumsgebyret	100 % av minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 0 - 70 m2	50 % av minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 71- 200 m2	100 % av minimumsgebyret		
Næring, forretning, kontor, landbruk, naust 201 – 1000m2	200% av minimumsgebyret		
Arsavgift avlaup 2023			
Minimumsgebyr årsavgift		3840	4000,-
Bustadar og hytter	100 % av		

Fellingsavgift hjort	2009 - 2023	2024
Hjort vaksen	350,-	440,-
Hjort kalv	210,-	260,-
Skuddpemie rovvilt		
Rev	600,-	750,-
Mink	300,-	375,-
Mår	400,-	500,-

Auke i fellingsavgift for hjort og skuddpremie rovdyr, har ikkje vore endra sidan 2009, auke i fellingsavgifta for hjort vert 25% frå 2009 til 2024.

089/2023: Kommunale gebyr 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Gebyr for tekniske forvaltningsteneste ,(gebyrregulativ) for 2024 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,
Matrikkellova,
Lov om seksjonering,
Jordlov og konsesjonslov
Hamne – og farvasslova
Ureiningslova

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 089/2023 VEDTAK:

Gebyr for tekniske forvaltningsteneste ,(gebyrregulativ) for 2024 i Masfjorden kommune vert vedteke slik det ligg føre som vedlegg.

Heimel

Plan- og bygningslova,
Matrikkellova,
Lov om seksjonering,
Jordlov og konsesjonslov
Hamne – og farvasslova
Ureiningslova

090/2023: Gebyr - renovasjon og slam 2024

Rådmannen sitt framlegg:

Renovasjonsgebyr og slam for 2024 Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer.

Forslag til renovasjonsgebyr 2024, vert behandla i representantskapsmøte 23. oktober 2023.

Om det vert endringar etter representantskapsmøte, NGIR, vert dette justert av administrasjonen.

Sak er sendt styret representantskapsmøte og per i dag er gebyra foreslått som følgjer:

Renovasjonsgebyr (inkl. mva) pr måned	2024	2023	Endring
Ordinær renovasjon *	kr 450	kr 450	kr 0
Tillegg stor restavfallsdunk (240 L)	kr 35	kr 35	kr 0
Rabatt restavfall kvar 4. veke	- kr 35	- kr 35	- kr 0
Rabatt heimekompostering	- kr 45	- kr 45	- kr 0
Hytterrenovasjon	kr 225	kr 225	kr 0

I renovasjonsgebyret inngår tømning av dunkar hjå hustandane, hyttekonteinarar og glas- og metallkonteinarar, samt tilgang til faste og mellombelse gjenvinningsstasjonar. I tillegg kjem utstyr og forbruksmateriell som dunkar, biobøtter, bio- og tekstilposar, returplastsekkar og kostnadane med vidare handsaming av avfallet.

* Ordinær renovasjon tømning:

- matavfall kvar veke
- restavfall 2. kvar veke
- papir, papp og plast kvar 2. veke

Slamgebyr (inkl. mva)	2024	2023	Endring
Ordinær tømning			
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år *	kr 3 000	kr 2 520	kr 480
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr 1 500	kr 1 260	kr 240
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr 750	kr 630	kr 120

Gebyr pr kubikk slam frå kommunale avskiliarar	kr 609	kr 511	kr 98
--	--------	--------	-------

* Gjeld minireinseanlegg som har trong for tømning kvart år

Naudtømning **/Ekstratømning ***			
Ekstratømning inntil 4,5 kubikk	kr 5 673	kr 4 765	kr 908
Naudtømning inntil 4,5 kubikk	kr 11 345	kr 9 530	kr 1 815
Ekstratømning over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 993	kr 834	kr 159
Naudtømning over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 1 984	kr 1 666	kr 318

** Naudtømning er tømning som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømmeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtømning skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

*** Ekstratømning er ikkje like akutt som naudtømning, og skal oppfylle følgjande kriterium: Tømninga er utanom vanleg tømmeffrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Inga auke i renovasjonsgebyr skuldast at vi har midlar på utjamningsfond, mens auke i slamgebyr skuldast at ny kontrakt for innsamling og behandling av slam kostar meir.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 090/2023 VEDTAK:

Renovasjonsgebyr og slam for 2024 Masfjorden kommune (eks.mva) vert som følgjer.

Forslag til renovasjonsgebyr 2024, vert behandla i representantskapsmøte 23. oktober 2023.

Om det vert endringar etter representantskapsmøte, NGIR, vert dette justert av administrasjonen.

Sak er sendt styret representantskapsmøte og per i dag er gebyra foreslått som fylgjer:

Renovasjonsgebyr (inkl. mva) pr måned	2024	2023	Endring
Ordinær renovasjon *	kr 450	kr 450	kr 0
Tillegg stor restavfallsdunk (240 L)	kr 35	kr 35	kr 0
Rabatt restavfall kvar 4. veke	- kr 35	- kr 35	- kr 0
Rabatt heimekompostering	- kr 45	- kr 45	- kr 0
Hytter renovasjon	kr 225	kr 225	kr 0

I renovasjonsgebyret inngår tømning av dunkar hjå hustandane, hyttekonteinarar og glas- og metallkonteinarar, samt tilgang til faste og mellombelse gjenvinningsstasjonar. I tillegg kjem utstyr og forbruksmateriell som dunkar, biobøtter, bio- og tekstilposar, returplastsekkar og kostnadane med vidare handsaming av avfallet.

* Ordinær renovasjon tømning:

- matavfall kvar veke
- restavfall 2. kvar veke
- papir, papp og plast kvar 2. veke

Slamgebyr (inkl. mva)	2024	2023	Endring
Ordinær tømning			
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år *	kr 3 000	kr 2 520	kr 480
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år	kr 1 500	kr 1 260	kr 240
Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år	kr 750	kr 630	kr 120

Gebyr pr kubikk slam frå kommunale avskiliarar	kr 609	kr 511	kr 98
--	--------	--------	-------

* Gjeld minireinseanlegg som har trong for tømning kvart år

Naudtømming **/Ekstratømming ***			
Ekstratømming inntil 4,5 kubikk	kr 5 673	kr 4 765	kr 908
Naudtømming inntil 4,5 kubikk	kr 11 345	kr 9 530	kr 1 815
Ekstratømming over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 993	kr 834	kr 159
Naudtømming over 4,5 kubikk, pr kubikk	kr 1 984	kr 1 666	kr 318

** Naudtømming er tømning som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømmeplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtømming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

*** Ekstratømming er ikkje like akutt som naudtømming, og skal oppfylle følgjande kriterium: Tømninga er utanom vanleg tømmefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Inga auke i renovasjonsgebyr skuldast at vi har midlar på utjammingsfond, mens auke i slamgebyr skuldast at ny kontrakt for innsamling og behandling av slam kostar meir.

091/2023: Berivest AS - vurdering kring behov for økonomisk støtte

Rådmannen sitt framlegg:

1. Kommunestyret tek informasjonen til vitring
2. Behov for evt. tilleggsføringar til vertskommunesamarbeidet GMBR vert å ta stilling til i budsjettsamanheng.
3. Prosjekt lyssetting Berivest AS ca. kr 120 000 inkl. mva vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Torill Torsvik Størkersen sa ho var inhabil i denne saka sidan ho sit i styret i Berivest. Det vart samrøystes vedteke at Størkersen er inhabil og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret.

FS - 091/2023 VEDTAK:

- 1. Kommunestyret tek informasjonen til vitring**
 - 2. Behov for evt. tilleggsføringar til vertskommunesamarbeidet GMBR vert å ta stilling til i budsjettsamanheng.**
 - 3. Prosjekt lyssetting Berivest AS ca. kr 120 000 inkl. mva vert finansiert ved bruk av disposisjonsfond.**
-

**092/2023: Framlegg til avtale om opsjon for vidare utvikling av området i og ved
Aldersheimen på Sandnes**

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til opsjonsavtale, slik det ligg føre i vedlegg til saka.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 092/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner framlegg til opsjonsavtale, slik det ligg føre i vedlegg til saka.

093/2023: Deltaking i Vest brann og redning

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Vest brann og redningsregion – kommunalt oppgåvefelleskap.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 093/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune søker om medlemskap i Vest brann og redningsregion – kommunalt oppgåvefelleskap.

094/2023: Søknad om økonomisk støtte frå fiskefondet i Frøysetelva

Rådmannen sitt framlegg:

Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart.

22.08.2023 TEKNISK UTVAL

Ørjan Daae er med i grunneigarlaget, og er difor inhabil. Ørjan forlot møte og Atle Nordland tok over som møteleiar.

Før møte kom det spørsmål kring storleik på fondet, årleg tilskot til fondet og løyvingar ei siste 5 år. Det er opplyst frå rådmannen at fondet no har ca. 860.000,- og at årleg tilskot er på 35-37.000,-

Dei siste 5 åra er det kome 4 søknader som har fått tilskot. 3 av desse har vore til Frøysetvassdraget.

Det var ikkje lagt ved spesifisert utrekning av kostnadsoverslaget og dette vart gjennomgått i møte.

TU peika på at ordninga med fiskefondet er lite synleg for aktuelle søkjarar og oppfordra adm. til å gjera ordninga meir synleg gjennom opplysningar på heimeside, i aktuelle tidsskrift osv.

TU bad om god oppfølging av kostnads-/ tilskotssida ved prosjektet.

Ein gjekk og gjennom vedtektene til fiskefondet og i følge §7 her, er det ei grense på kr. 100.000,- som kan vedtakas av TU. Over dette må det avgjerast i Formannskapet. Sidan søknaden er over grensa, må saka difor oversendast til Formannskapet. TU stilte seg likevel positiv til saka.

Fylgande vedtak vart lagt fram og samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - 022/2023 VEDTAK:

TU er positiv til at Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart. Endeleg avgjersle må takast av formannskapet.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF) sa ho var inhabil i saka sidan ho er med i grunneigarlaget. Det vart samrøystes vedteke at Kratzmeier var inhabil og ho forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes (4 røyster) tilrådd til kommunestyret

FS - 094/2023 VEDTAK:

Sameiet Frøyset grunneigarlag får kr.373000,- i tilskot frå det kommunale fiskefondet til utlegging av gytegrus i Frøysetelva. Vilkår: Ein skal fylgja NORCE LFI si anbefaling på fem kartlagde lokalitetar i vassdraget. Tilskotet er på 50% av kostnadsoverslag. Utbetaling etter at

dokumenterte utgifter ligg føre, og tiltaket er synfart.

095/2023: Søknad om overtaking av privat veg frå Haugsvær tomtelag til Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune viser til mottatt søknad, overtaking av privat veg frå Haugsvær tomtelag. Masfjorden kommune avslår søknad om overtaking av privat ved Haugsværliå GBNR 47/75.
i

Grunngjeving: Vegen er ikkje asfaltert og vegdekket er av dårleg kvalitet og manglar rekkverk, om Masfjorden kommune overtar vegen slik den ligg i dag, vil dette påføre kommunen store kostnader med oppgradering. Slik den usikre økonomiske situasjonen til Masfjorden kommune er i dag og framover kan ein ikkje overta ein slik veg.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Formannskapet jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden kommune imøtekjem søknad om overtaking av privat veg til kommunal veg under føresetnad av gitte føresetnader 2017 er utført/innfridd, samt at tomtelaget må få grensejustert arealet vegen ligg på, slik at heile vegen vert liggjande på vegeigedomen (gnr 47 bnr 75).

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 095/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune imøtekjem søknad om overtaking av privat veg til kommunal veg under føresetnad av gitte føresetnader 2017 er utført/innfridd, samt at tomtelaget må få grensejustert arealet vegen ligg på, slik at heile vegen vert liggjande på vegeigedomen (gnr 47 bnr 75).

096/2023: Handlingsplan 2024 for Kommunedelplan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Rådmannen sitt framlegg:

Handlingsplanen 2024 for Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken i samsvar med konklusjon i saka.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Leiar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 096/2023 VEDTAK:

Handlingsplanen 2024 for Kommunedelplan Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vert vedteken i samsvar med konklusjon i saka.

097/2023: Masfjorden kommune som medlem i Trygg Trafikk

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet vedtek at Masfjorden kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med 2024. Kostnaden knytt til medlemskapet vert i 2024 dekkja innanfor driftsbudsjett, og skal innarbeidast i budsjettet frå 2024.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 097/2023 VEDTAK:

Formannskapet vedtek at Masfjorden kommune teiknar medlemskap i Trygg Trafikk frå og med 2024. Kostnaden knytt til medlemskapet vert i 2024 dekkja innanfor driftsbudsjett, og skal innarbeidast i budsjettet frå 2024.

098/2023: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Referatsaker:

- Skriv 1: Sak kommunestyret - streaming av politiske møter
- Skriv 2: Brev med takk for støtte og kontonummer for utbetaling
- Skriv 3: Ny veileder om saksbehandling i folkevalgte organer
- Skriv 4: Utkast til møteplan 2024 (utdelt i møtet)

Orientering frå ordførar:

- Ordførar informerte om at han har invitert Kjell Nederås til kommunestyret

Orientering frå rådmannen:

- rådmannen orienterte om møteplan for 2024 (utsendt i møtet). Formannskapet slutta seg samla om møteplanen og bad om at planen vart lagt fram som skriv og melding til konstituerande kommunestyre.
- rådmannen orienterte om utsendt forslag til sak som gjeld politisk styringsstruktur og reglement folkevalde. Formannskapet slutta seg samla til denne saka og bad om at saka vart lagt fram i det konstituerande kommunestyre.
- rådmannen orienterte kort om status økonomiske forhold Fensfjordbygg
- rådmannen orienterte kort om status veg Haugsvær

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 098/2023 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

099/2023: Framføring av vatn- og avlaup til Haugsvær Panorama

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret løyver inntil krone 1.800.000,- til etablering av vatn- og avlaupsanlegg til Haugsvær Panorama, slik det er skissert i saksframlegget nedunder med mellom anna fellesframføring av VA-leidningar og nye borehol for vatn.

Løyvinga vert å ta over bustadfondet.

Det er eit vilkår at tidlegare inngått utbyggingsavtale med Haugsvær Panorama vert reforhandla.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 099/2023 VEDTAK:

Kommunestyret løyver inntil krone 1.800.000,- til etablering av vatn- og avlaupsanlegg til Haugsvær Panorama, slik det er skissert i saksframlegget nedunder med mellom anna fellesframføring av VA-leidningar og nye borehol for vatn.

Løyvinga vert å ta over bustadfondet.

Det er eit vilkår at tidlegare inngått utbyggingsavtale med Haugsvær Panorama vert reforhandla.

100/2023: Interkommunal plan for sjøareala i Region Nordhordland - slutthandsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003.

Det vert vist til vedlagde plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag.

Grunngjevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 100/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003.

Det vert vist til vedlagde plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag.

Grunngjevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven §§ 9-3 og 11-15.

101/2023: Vedk. søknad om forskottering spelemidler - Solheim grendahus

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune yter Solheim grendahus eit lån på kr. 208.000,- som forskottering av tippemidler, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 101/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune yter Solheim grendahus eit lån på kr. 208.000,- som forskottering av tippemidler, lånet vert gitt med rente- og avdragsfri periode på 1 år. Vert forskotteringa utover 1 år, legg ein til grunn ordinær utlånsvilkår, for utlån frå kommunen.

102/2023: Vedk. søknad om støtte til grusing av veg, "Søredalsvegen"

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune yter kr. 43.000,- i tilskot til Søredalsvegen/Åsheim, som delfinansiering av grusing av veg etter vedlagde tilbod, primært med siktemål å sikre tilkomst til turområde.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal (H) sette fram følgjande endringsforslag til framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune yter inntil kr 80 000,- i tilskot [...] Tilskotet vert finansiert over kulturfondet.

Framlegg til endringsforslag frå H vart samrøystes vedteke.

FS - 102/2023 VEDTAK:

Masfjorden kommune yter inntil kr. 80.000,- i tilskot til Søredalsvegen/Åsheim, som delfinansiering av grusing av veg etter vedlagde tilbod, primært med siktemål å sikre tilkomst til turområde. Tilskotet vert finansiert over kulturfondet.

103/2023: Årsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2024 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 9.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 6.333.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2024.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2024 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik Størkersen (Ap) ba om at det vart kostnadsrekna kva det vil utgjere at søskenmoderasjon vert 50 % for barn 3 i kulturskulen.

Erlend Kvamsdal (H) bad om at kostnad for dekke på Sentralidrettsbana på Nordbygda på 3,5 mill vart lagt inn i økonomiplan, jf sak 096/2023.

Erlend Kvamsdal (H) bad om at det vert lagt inn ein tekstdel i økonomiplanen om at det skal settast av pengar til feirbrukshall i perioden, jf sak 096/2023.

Røysting:

Det vart først røyst over tilleggspunkt frå Ap. Tilleggspunkt frå Ap vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta for tilleggspunkta frå H. Tilleggspunkt frå H vart samrøystes vedteke.

Til slutt røysta ein over heile framlegg til vedtak samla. Framlegg til vedtak med tilleggspunkta vart samrøystes vedteke.

FS - 103/2023 VEDTAK:

Driftsbudsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 9.2.

Investeringsbudsjett 2024 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 9.3.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 6.333.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2024.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2024 til

vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i pkt. 7 i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan.

For eigedomsskatteåret 2024 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2024 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd

Det skal kostnadsreknast kva det vil utgjere at søskenmoderasjon vert 50 % for barn 3 i kulturskulen.

Kostnaden for dekke på Sentralidrettsbana på Hosteland på 3,5 mill vart lagt inn i økonomiplan, jf sak 096/2023.

Det vert lagt inn ein tekstdel i økonomiplanen om at det skal settast av pengar i fleirbrukshall i perioden, jf sak 096/2023.

104/2023: Politisk styringsstruktur og reglement folkevalde

Rådmannen sitt framlegg:

Reglementet for folkevalde 2023 vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget.

16.10.2023 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 104/2023 VEDTAK:

Reglementet for folkevalde 2023 vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget.

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 16.10.23 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Torill Torsvik Størkensen
varaordførar